

Fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Med bakgrunn i Stortinget si behandling av forvaltningsreforma og arbeidsgruppa sin vedlagde dokumentasjon for nytt eigarskap i Innovasjon Norge datert 22.09.2009, sluttar fylkestinget seg til at Sogn og Fjordane fylkeskommune trer inn i eigarskapen i Innovasjon Norge:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at hovudstyret fortrinnsvis vert samansett slik: 4 representantar frå fylkeskommunane og 5 representantar frå staten, samt 2 medarbeidervalde representantar. Fylkeskommunen sine representantar vert fortrinnsvis valde blant oppnemnde kandidatar frå fylkeskommunane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek å tiltre eigaravtalen slik den ligg føre, datert 22.09.2009.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek å tiltre dei nye vedtektene for Innovasjon Norge slik dei ligg føre, datert 22.09.2009. Det vert forventa at staten som noverande eigar vedtek nye vedtekter utan endringar på ekstraordinært føretaksmøte før årsskiftet 2009/2010.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek å tiltre retningslinjene for valkomiteen slik dei ligg føre, datert 22.09.2009. Det vert føresett at retningslinjene vert vedtekne på første ekstraordinære føretaksmøte som følgjer av stiftelsesmøtet.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek å tiltre mandat for Samarbeidsforumet slik det ligg føre, datert 22.09.2009.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigardel er sett til 2,58%. Fylkeskommunen sin del av innskotskapitalen er sett til NOK 505 474. Dette vert dekkja med regionale utviklingsmidlar for 2009.
7. Dersom det vert endringar i forventa deltaking frå fylkeskommunane, får fylkesrådmannen fullmakt til å justere innskotskapitalen.
8. Fylkesutvalet får fullmakt til å velje medlemmer til regionalt styre og valkomité for Innovasjon Noreg

Prenta vedlegg:

- Brev frå Nærings- og handelsdepartementet av 22.09.2009 med følgjande vedlegg:

- Eigaravtale for Innovasjon Noreg
- Reviderte vedtekter for Innovasjon Noreg
- Retningsliner for valkomité for hovudstyret i Innovasjon Noreg
- Mandat for Samarbeidsforumet for Innovasjon Noreg
- Innovasjon Noreg sine ordningar
- Revisorrapport
- Brev frå Innovasjon Noreg av 25.08.2009 Innovasjon Noreg – Oppnemning av regionale styre

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Delt eigarskap i Innovasjon Norge

I forslag til endringar i lov om Innovasjon Norge, vert det opna for delt eigarskap mellom staten og fylkeskommunane. Det vert også vist til Innst. O.nr. 30 (2008-2009) om Innstilling til Odelstinget frå kommunal- og forvaltingskomiteen. Fylkeskommunane er i dag ein stor bidragsytar til Innovasjon Norge sitt program, og målsettinga frå Stortinget med å tillegge fylkeskommunane eigarskap i tillegg til denne oppdragsgjevarrolla, er å styrke fylkeskommunane sin strategiske og samordnande rolle. Ot.prp. 10 understrekar også at det skal tilretteleggast for eit aktivt eigarskap frå fylkeskommunane si side på alle nivå i organisasjonen.

Det har vore sett ned ei arbeidsgruppa som har utarbeidd forslag til følgjande nødvendige dokument for felles eigarskap til Innovasjon Norge:

- **Eigaravtale**
- **Vedtekter**
- **Retningslinjer for valkomiteen for hovudstyret**
- **Mandat for Samarbeidsforumet for Innovasjon Norge**

Desse dokumenta er vedlagt saka.

Stortinget/Staten har ikkje lagt klare føringar for deltaking i eigarskap frå alle fylkeskommunane, men intensjonane om at alle deltek har vore ei underliggende forståing gjennom hele prosessen med reforma.

Fylkeskommunal innverknad

Gjennom eigarskapet vil fylkeskommunen få innverknad på den framtidige utviklinga av Innovasjon Norge. Utover eigaravtalen, vedtekter, direkte deltaking i valkomiteane og i føretaksmøta, er samarbeidsforumet ein viktig tilrettelagt arena der eigarane og løyvande myndigheiter saman kan diskutere aktuelle problemstillingar.

Det tilrådde Samordningsforumet skal ha til oppgåve å legge til rette for ei langsiktig strategisk utvikling av selskapet sett i relasjon til utfordringar i næringslivet, som strategiske satsingar, drøfting av overordna prinsipp for utforming av verkemiddel og samkøyring/koordinering av oppdragsbrev. Dette gjev fylkeskommunane muligheiter til å påverke den strategiske innrettinga av det viktigaste selskapet i den nasjonale næringspolitikken.

Fylkeskommunane deltek på eigarsida i eit nasjonalt selskap, og selskapet sitt styre og administrasjon har ansvar for å organisere verksemda både nasjonalt og regionalt i tillegg til å oppnemne regionale styre. Likevel skal fylkeskommunane utan innblanding frå styret/administrerande direktør oppnemne 2 medlemmer til det regionale styret direkte. Det vert ikkje lagt opp til at ein ved den nye organiseringa skal endre forholdet mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge si lokale avdeling/den lokale styringsstrukturen. Det er styret og administrasjonen som organiserer og driv selskapet ut frå dei retningslinjer eigarane gjev gjennom føretaksmøtet og oppdragsbrev. Fylkeskommunane sin innverknad vil derfor måtte gå gjennom styret og forbeta lokal samhandling.

Den nye organiseringa skal medverke til ei desentralisering av avgjerder, kompetanse og verkemiddel. På dette punktet er det med bakgrunn i lova vanskeleg å instruere det valde styret i korleis dei skal organisere og drive selskapet. Det er likevel teke inn ein passus i eigaravtalen om at slik desentralisering er ønskjeleg. Det opnar for at desentraliseringa kan være et tema på føretaksmøtet.

Eigarmøta er ein arena tilrettelagt for samhandling mellom eigarane. Eigarmøta har vedtaksrett for eigaravtalen, men ingen formell vedtaksrett for selskapet. Dette er lagt til føretaksmøtet.

Forpliktingar

Eigarane av dei enkelte ordningane er ansvarlege for å tilføre nødvendig kapital for å sikre ordningane. Forpliktingar knytt til ordningane vert ikkje endra som følgje av felles eigarskap. Eigarar er i denne samanheng å forstå som eigarar av den enkelte ordning og ikkje eigarar av sjølve selskapet. Dette betyr at dersom det oppstår forpliktingar innafor den enkelte ordning, er det eigaren/eigarane av denne ordninga isolert sett som er ansvarlig for desse forpliktingane. (jf. vedlegg om den Innovasjon Noreg sine ordningar). I dag er situasjonen slik at fylkeskommunane er deltakarar i òi ordning: "Distriktsretta risikolån". Dei øvrige ordningane er statlege. Innanfor Distriktsretta risikolån vil eventuelle forpliktingar, som ikkje vert dekkast inn gjennom tapsfondet til ordninga, måtte dekkast av dei fylkeskommunane som deltek i ordninga og etter den deltakande fylkeskommune sin forholdsmessige andel. Fylkeskommunar som ikkje deltek i ordninga er ikkje forplikta til å dekke underskot.

Underskot i selskapet som ikkje kan relaterast til ei enkelt ordning står eigarane solidarisk ansvarleg for. Ein fylkeskommune må då vere med og dekke underskotet. Ansvarlet er avgrensa til den enkelte fylkeskommune sin eigardel i selskapet (for Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2,58% tilsvarande NOK 505 474 dersom alle fylkeskommunane er eigarar).

Fordi brorparten av dei tilsette i Innovasjon Norge er knytt til ein eller fleire ordningar, vil administrasjon, løn og driftskostnader relatert til tilsette bli finansiert gjennom desse ordningane, og dei fleste av disse ordningane er fullt og helt statlige.

Det skal føretakast ei uavhengig gransking av alle engasjement pr. 30.06.09 før fylkeskommunane trer inn på eigarsida, slik at potensielle tap blir tatt i tilknytning til regnskapet for 2009 og at ein ikkje dreg med seg latente tap inn i den nye organisasjonen. Innovasjon Norge kan ikkje påleggast nye oppgåver utan at det vert tilført ressursar for å gjennomføre oppgåvene. Dette sikrar at ulike oppdragsgjevarar ikkje kan tvinge selskapet til å ta på seg oppgåver som går utover etablert verksemd/aktivitet. På den andre sida kan føretaksmøtet (samrøystes) vedta å auke innskotskapitalen dersom det er nødvendig for å møte nye utfordringar.

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) beskriv risikoen i samband med eigarskapet slik:

I lov om Innovasjon Norge § 9 er det teke inn ein bestemmelse der det går fram at eigarane er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar. Bestemmelsen i lovas § 9 er svært generell. Ein har derfor i utkast til eigaravtale funne det nødvendig å regulere ansvarlet for eigarane sine forpliktingar nærare. Dette er gjort i punkt 7.3.

Det økonomiske resultatet for Innovasjon Norge vil komme fram som eit resultat av fleire delordningar der ansvarlet for dei enkelte ordningane vil ligge hos staten og/eller fylkeskommunane. Eit overskot eller underskot for selskapet som heilskap skal kunne

tilbakeførast til dei ordningane som selskapet forvaltar. Etter 7.1 og 7.3 i utkastet til eigaravtale, er det departementa og fylkeskommunane som har ansvaret for dei ovannemnde ordningane ved at dei enten får utbetalt eventuelt utbytte eller må dekke underskot for sine enkelte ordningar. Ei oversikt over ordningane og kven av eigarane som har ansvaret for dei, ligg som vedlegg til utkast til eigaravtale.

Det går fram av 7.3.4 at det er eigarane av den enkelte ordninga som har ansvaret for å dekke eventuelle forpliktingar som oppstår under ordninga og som ikkje kan dekkast på annen måte – for eksempel ved at det kjem eit krav om garantiutbetaling som er for stort til å kunne dekkast gjennom tapsfondet.

Det som er nemnt i dei to føregåande avsnitta tilsvarar dagens praksis når det gjeld ordningar fylkeskommunane deltek i. Felles eigarskap inneber med andre ord ikkje endingar her. Dei følgjande tre avsnitt omhandlar endringar for fylkeskommunane som følgje av felles eigarskap.

Punkt 7.3.5 regulerer også eigarane sine forpliktingar overfor selskapet. Bestemmelsane i 7.3.5 trer i kraft dersom det oppstår tap/underskot for selskapet sin aktivitet som ikkje kan knytast til dei enkelte ordningane. Bestemmelsen i 7.3.5 er å sjå på som ein sikringsbestemmelse, då all aktivitet i Innovasjon Norge i utgangspunktet skal være knytt til dei ordningar som selskapet forvaltar. Denne bestemmelsen må sjåast i samanheng med tilsvarande bestemmelse i punkt 7.2 om utbetaling av utbytte som ikkje kan tilskrivas enkelte ordningar.

Formålet med punkt 7.3.6 er å regulere forholdet mellom eigarane i ein situasjon der ein eller fleire kreditor retter eit krav mot ein av eigarane i medhald av lov om Innovasjon Norge § 9. Punkt 7.3.6 seier då at øvrige eigarar er pro rata ansvarleg for dette kravet på same måte som om kravet hadde vore reist direkte mot selskapet. Ein slik situasjon kan for eksempel oppstå dersom det vert stilt krav om erstatningsutbetalingar knytt til den generelle drifta av selskapet. Til no har det ikkje i tidligare SND eller i Innovasjon Norge vore situasjonar der dette har førekomme. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ein slik situasjon kan oppstå.

Staten har ansvaret for Selskapet sine udekka pensjonsforpliktingar (pensjonsgjeld) per 31.12.2009. Desse forpliktingane kjem fram av selskapet sitt årsrekneskap for 2009 og omfattar både bokført pensjonsforplikting og ikkje-resultatført verknad av estimatavvik. Frå og med 1.1.2010 vil evt. pensjonsgjeld som selskapet pådreg seg, vere eigarane sitt felles ansvar. Det vert elles vist til at løpande avsetningar til pensjon inngår som ein del av driftskostnadene, der dekninga er regulert i 7.3.2.

2. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

24.oktober 2008 la Kommunal og regionaldepartementet (KRD) fram Ot.prp.nr 10 (2008-2009) om lov om endringar i forvaltingslovgjevinga m.v. (gjennomføringa av forvaltingslova). Proposisjonen inneheld forslag til nødvendig lovgrunnlag for å sikre ivaretaking av dei fleste nye oppgåver som fylkeskommunane skal overta frå 2010, deriblant lov om Innovasjon Norge.

I forslag til endringar i lov om Innovasjon Norge, vert det opna for delt eigarskap mellom staten og fylkeskommunane. Det vert også vist til Innst. O.nr. 30 (2008-2009) om Innstilling til Odelstinget frå kommunal- og forvaltingskomiteen. Fylkeskommunane er i dag ein stor bidragsytar til Innovasjon Norge sitt program, og målsettinga frå Stortinget med å tillegge fylkeskommunane eigarskap i tillegg til denne oppdragsgjevarrolla, er å styrke

fylkeskommunane sin strategiske og samordnande rolle. Ot.prp. 10 understrekar også at det skal tilretteleggast for eit aktivt eigarskap frå fylkeskommunane si side på alle nivå i organisasjonen.

Proposisjonen og innstillinga er ei oppfølging av St.mld.nr.12 (2006-2007) ” Regionale fortrinn – regional framtid”. For å følgje opp og konkretisere felles eigarskapsmodell, vart det i februar 2009 oppretta ei arbeidsgruppe. Gruppa har vore samansett slik:

Frå fylkeskommunane:

Målfrid Baik, Finnmark fylkeskommune, Anne Hjørtedahl, Troms fylkeskommune, Knut Werner Hansen, Troms Fylkeskommune, Terje Stabæk, Nordland fylkeskommune, Arve Knudsen, Nordland fylkeskommune, Susanne Bratli, Nord Trøndelag fylkeskommune, Milian Myraunet, Sør Trøndelag fylkeskommune, Ingrid Lauvdal, Hedmark fylkeskommune, Nils Langerød, Aust-Agder fylkeskommune.

Frå Kommunenes Sentralforbund:

Jørund Nilsen, Tommy Hernes.

Frå Innovasjon Norge:

Ragnvald Jakobsen, Britt Kjølstad.

Frå Nærings- og Handelsdepartementet:

Ola Nafstad, Kjerstin Spjøtvoll, Arnt Erik Ursin, Solveig Fjeldheim

Arbeidsgruppa har hatt 9 møte. Før kvart møte har medlemne frå KS og fylkeskommunane hatt formøte.

Arbeidsgruppa har utarbeidd forslag til følgjande nødvendige dokument for felles eigarskap til Innovasjon Noreg:

- **Eigaravtale**
- **Vedtekter**
- **Retningslinjer for valkomiteen for hovudstyret**
- **Mandat for Samarbeidsforumet for Innovasjon Norge**

Desse dokumenta er vedlagt saka.

Arbeidsgruppa har hatt juridisk bistand frå advokatfirmaet Wikborg & Rein. I tillegg har fylkeskommunane/KS fått bistand frå KS advokatane ved advokat Øyvind Gjelstad.

Saksopplysningar

Innovasjon Norge er eit særlovselskap etter lov 2003 -12-19 nr. 130 Lov om Innovasjon Norge. Selskapet er i stor grad organisert etter prinsippa i aksjelova, men fråvik denne på ein del vesentlege punkt. Staten har fram til no vore eineigar, men Stortinget har gjennom handsaminga av

- St.mld.nr.12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid.
- Ot.prp.nr. 10 (2008-2009) om lov om endringer i forvaltningslovgivningen

- Innst.O.nr. 30 (2008-2009) Innstilling til Odelstinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen.

lagt klare føringar for å endre eigarskapet i selskapet, frå å være statleg, til eit felles eigarskap mellom staten og fylkeskommunane, gjennom at staten skal eige 51% og fylkeskommunane samla 49%. Fylkeskommunane sitt eigarskap skal delast likt fylkeskommunane imellom.

Stortinget sitt mål med eit felles eigarskap mellom staten og fylkeskommunane i Innovasjon Norge er å legge til rette for ein eigarstruktur som eit viktig ledd i gjennomføringa av forvaltningsreforma. Fylkeskommunane skal ha auka innverknad i regional- og næringspolitikken bl.a. gjennom eigarskap til ein vesentlig del av verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge utgjør. Felles eigarskap skal også legge tilrette for ei auka desentralisering av oppgåver til Innovasjon Norge sine distriktskontor. For fylkeskommunane skal dette gje eit betre verktøy for å utøve ansvar og mandat som regional utviklar, og medverke til å løfte regionale utviklingsmuligheter opp på nasjonalt nivå.

Fylkeskommunen sin innverknad er regulert i fleire omfattande og grunnleggande dokument for eigarskap og drift av selskapet. Følgjande dokument ligg til grunn for det felles eigarskapet:

Eigaravtale

Er eit avtaleverk som regulerer forholdet og samarbeidet mellom eigarane. Mellom staten og fylkeskommunane og fylkeskommunane imellom. Vedlagt følgjer eigaravtalen og ein kopi av eigaravtalen med utdjupande kommentarar til enkeltpunkt.

Vedtekter

Vedtektene regulerer sjølve drifta av selskapet. Vedtektene er vedlagt saka. Utover sjølve hovuddokumentet er det også her lagt ved kopi av vedtektene med utdjupande kommentarar til enkeltpunkt.

Retningslinjer for valkomiteen for hovudstyret

Selskapet skal ha ein eigen valkomité som skal legge til rette for valet av styremedlemmer til hovudstyret. Det er utarbeidd retningslinjer for valkomiteen. Som for eigaravtalen og vedtektene, er det utover sjølve retningslinjene lagt ved kopi med utdjupande kommentarar til enkeltpunkt i retningslinjene. Det skal også opprettast ein valkomité for dei regionale styra. Ansvar for dette er lagt til hovudstyret, men regulert i eigaravtalen og lovverket.

Mandat for Samarbeidsforumet

For å oppfylle intensjonane bak forvaltningsreforma og felles eigarskap til Innovasjon Norge, vert det lagt opp til ein forsterka politisk dialog mellom staten og fylkeskommunane. Utvikling av ein felles dialog mellom fylkeskommunar og staten er viktig for at Innovasjon Norge skal få eit langsiktig og konsistent grunnlag å arbeide ut frå, og dermed å sikre at dei kan vere pårekelege og tydelege i forhold til næringslivet/kundane. Fokus i samarbeidsforumet vil være på koordinering og samordning av oppdrag og føringar som vert gitt til Innovasjon Norge. I dette forumet kan regionale næringspolitiske utfordringar samkøyrast med sektorvis nasjonal næringspolitikk. Noverande situasjon er slik at Innovasjon Norge årleg mottek ca 40 oppdragsbrev frå løyvande myndigheiter. Samarbeidsforumet skal være ein politisk verkstad der fylkesordførarar/rådsleiarar møter politisk leiing i NHD og øvrige løyvande departement (KRD, FKD, LMD og UD). Eigaravtalen og vedtektene legg føringar for forumet si målsetting og organisering. På dette grunnlaget er det utarbeidd et eige mandat for Samarbeidsforumet. Dette ligg ved.

Proessen vidare:

Følgjande skal gjennomførast før eigarskapet er ein realitet.

- Endringane i Lov om Innovasjon Norge skal sanksjonerast av Kongen i statsråd
- Dagens eigar (staten) må gjennomføre eit ekstraordinært føretaksmøte der dei nye vedtektene og retningslinjene for valkomiteen vert vedtekne.
- Innskotskapitalen frå fylkeskommunane skal innbetalast innan 31.12.2009. Eigarskapet i Innovasjon Norge vil medføre at kvar fylkeskommune/Oslo kommune må innbetale NOK 505 474 til staten innan 31.12.2009.
- Det må så tidleg som mogeleg på nyåret gjennomførast eit "stiftelsesmøte" mellom eigarane der eigaravtalen vert underteikna.
- Umiddelbart etter "stiftelsesmøtet" skal det gjennomførast eit ekstraordinært føretaksmøte der medlemmane til valkomiteen for hovudstyret vert valde. Valkomiteen bør presentere styrekandidatar i forkant av ekstraordinært føretaksmøte i mars 2010 der nytt styre vert valde.
- Det nye styret og administrasjonen i Innovasjon Norge set i verk prosessen med etablering av dei nye regionale styra med sikte på at desse skal være operative før sommarferien 2010.

I førekant av denne prosessen er det nødvendig at fylkeskommunane vedtek styringsdokumenta for Innovasjon Norge og med same likelydande vedtak.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Vurderingar

Stortinget/Staten har ikkje lagt klare føringar for deltaking i eigarskap frå alle fylkeskommunane, men intensjonane om at alle deltek har vore ei underliggende forståing gjennom hele prosessen med reforma.

Fylkeskommunal innverknad

Gjennom eigarskapet vil fylkeskommunen få innverknad på den framtidige utviklinga av Innovasjon Norge. Utover eigaravtalen, vedtekter, direkte deltaking i valkomiteane og i føretaksmøta, er samarbeidsforumet ein viktig tilrettelagt arena der eigarane og løyvande myndigheiter saman kan diskutere aktuelle problemstillingar.

Det tilrådde Samordningsforumet skal ha til oppgåve å legge til rette for ei langsiktig strategisk utvikling av selskapet sett i relasjon til utfordringar i næringslivet, som strategiske satsingar, drøfting av overordna prinsipp for utforming av verkemiddel og samkøyring/koordinering av oppdragsbrev. Dette gjev fylkeskommunane muligheiter til å påverke den strategiske innrettinga av det viktigaste selskapet i den nasjonale næringspolitikken.

Det vert etablert ei mindre arbeidsgruppe samansett av administrative representantar for NHD samt eit anna oppdragsgjevande departement og 2-3 fylkeskommunar, som skal legge til rette for forumet sitt arbeid. Innovasjon Norge vil ha sekretariatet for denne gruppa. Aktiv deltaking i denne gruppa gir muligheit til å påverke dei faktiske tema/saker som Samarbeidsforumet skal drøfte.

Fylkeskommunane deltek på eigarsida i eit nasjonalt selskap, og selskapet sitt styre og administrasjon har ansvar for å organisere verksemda både nasjonalt og regionalt i tillegg til å

oppnemne regionale styre. Likevel skal fylkeskommunane utan innblanding frå styret/administrerende direktør oppnemne 2 medlemmer til det regionale styret direkte. Det vert ikkje lagt opp til at ein ved den nye organiseringa skal endre forholdet mellom fylkeskommunen og Innovasjon Noreg si lokale avdeling/den lokale styringsstrukturen. Det er styret og administrasjonen som organiserer og driv selskapet ut frå dei retningslinjer eigarane gjev gjennom føretaksmøtet og oppdragsbrev. Fylkeskommunane sin innverknad vil derfor måtte gå gjennom styret og forbetra lokal samhandling.

Den nye organiseringa skal medverke til ei desentralisering av avgjerder, kompetanse og verkemiddel. På dette punktet er det med bakgrunn i lova vanskeleg å instruere det valde styret i korleis dei skal organisere og drive selskapet. Det er likevel teke inn ein passus i eigaravtalen om at slik desentralisering er ønskeleg. Det opnar for at desentraliseringa kan være et tema på føretaksmøtet.

Eigarmøta er ein arena tilrettelagt for samhandling mellom eigarane. Eigarmøta har vedtaksrett for eigaravtalen, men ingen formell vedtaksrett for selskapet. Dette er lagt til føretaksmøtet.

Forpliktingar

Eigarane av dei enkelte ordningane er ansvarlege for å tilføre nødvendig kapital for å sikre ordningane. Forpliktingar knytt til ordningane vert ikkje endra som følge av felles eigarskap. Eigarar er i denne samanheng å forstå som eigarar av den enkelte ordning og ikkje eigarar av sjølve selskapet. Dette betyr at dersom det oppstår forpliktingar innafor den enkelte ordning, er det eigaren/eigarane av denne ordninga isolert sett som er ansvarlig for desse forpliktingane. (jf. vedlegg om den Innovasjon Noreg sine ordningar). I dag er situasjonen slik at fylkeskommunane er deltakarar i ei ordning: "Distriktsretta risikolån". Dei øvrige ordningane er statlege. Innanfor Distriktsretta risikolån vil eventuelle forpliktingar, som ikkje vert dekkast inn gjennom tapsfondet til ordninga, måtte dekkast av dei fylkeskommunane som deltek i ordninga og etter den deltakande fylkeskommune sin forholdsmessige del. Fylkeskommunar som ikkje deltek i ordninga er ikkje forplikta til å dekke underskot.

Underskot i selskapet som ikkje kan relaterast til ei enkelt ordning står eigarane solidarisk ansvarleg for. Ein fylkeskommune må då vere med og dekke underskotet. Ansvar er avgrensa til den enkelte fylkeskommune sin eigardel i selskapet (for Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2,58% dersom alle fylkeskommunane er eigarar).

Fordi brorparten av dei tilsette i Innovasjon Norge er knytt til ein eller fleire ordningar, vil administrasjon, løn og driftskostnader relatert til tilsette bli finansiert gjennom desse ordningane, og dei fleste av disse ordningane er fullt og helt statlige.

Det skal føretakast ei uavhengig gransking av alle engasjement pr. 30.06.09 før fylkeskommunane trer inn på eigarsida, slik at potensielle tap blir tatt i tilknytning til regnskapet for 2009 og at ein ikkje dreg med seg latente tap inn i den nye organisasjonen. Innovasjon Norge kan ikkje påleggast nye oppgåver utan at det vert tilført ressursar for å gjennomføre oppgåvene. Dette sikrar at ulike oppdragsgjevarar ikkje kan tvinge selskapet til å ta på seg oppgåver som går utover etablert verksemd/aktivitet. På den andre sida kan føretaksmøtet (samrøystes) vedta å auke innskotskapitalen dersom det er nødvendig for å møte nye utfordringar.

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) beskriv risikoen i samband med eigarskapet slik:

I lov om Innovasjon Norge § 9 er det teke inn ein bestemmelse der det går fram at eigarane er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar. Bestemmelsen i lovas § 9 er svært generell. Ein har

derfor i utkast til eigaravtale funne det nødvendig å regulere ansvaret for eigarane sine forpliktingar nærare. Dette er gjort i punkt 7.3.

Det økonomiske resultatet for Innovasjon Norge vil komme fram som eit resultat av fleire delordningar der ansvaret for dei enkelte ordningane vil ligge hos staten og/eller fylkeskommunane. Eit overskot eller underskot for selskapet som heilskap skal kunne tilbakeførast til dei ordningane som selskapet forvaltar. Etter 7.1 og 7.3 i utkastet til eigaravtale, er det departementa og fylkeskommunane som har ansvaret for dei ovannemnde ordningane ved at dei enten får utbetalt eventuelt utbytte eller må dekke underskot for sine enkelte ordningar. Ei oversikt over ordningane og kven av eigarane som har ansvaret for dei, ligg som vedlegg til utkast til eigaravtale.

Det går fram av 7.3.4 at det er eigarane av den enkelte ordninga som har ansvaret for å dekke eventuelle forpliktingar som oppstår under ordninga og som ikkje kan dekkast på annan måte – for eksempel ved at det kjem eit krav om garantiutbetaling som er for stort til å kunne dekkast gjennom tapsfondet.

Det som er nemnt i dei to føregåande avsnitta tilsvarar dagens praksis når det gjeld ordningar fylkeskommunane deltek i. Felles eigarskap inneber med andre ord ikkje endingar her. Dei følgjande tre avsnitt omhandlar endringar for fylkeskommunane som følgje av felles eigarskap.

Punkt 7.3.5 regulerer også eigarane sine forpliktingar overfor selskapet. Bestemmelsane i 7.3.5 trer i kraft dersom det oppstår tap/underskot for selskapet sin aktivitet som ikkje kan knyttast til dei enkelte ordningane. Bestemmelsen i 7.3.5 er å sjå på som ein sikringsbestemmelse, då all aktivitet i Innovasjon Norge i utgangspunktet skal være knytt til dei ordningar som selskapet forvaltar. Denne bestemmelsen må sjåast i samanheng med tilsvarande bestemmelse i punkt 7.2 om utbetaling av utbytte som ikkje kan tilskrivas enkelte ordningar.

Formålet med punkt 7.3.6 er å regulere forholdet mellom eigarane i ein situasjon der ein eller fleire kreditorar retter eit krav mot ein av eigarane i medhald av lov om Innovasjon Norge § 9. Punkt 7.3.6 seier då at øvrige eigarar er pro rata ansvarleg for dette kravet på same måte som om kravet hadde vore reist direkte mot selskapet. Ein slik situasjon kan for eksempel oppstå dersom det vert stilt krav om erstatningsutbetalingar knytt til den generelle drifta av selskapet. Til no har det ikkje i tidligare SND eller i Innovasjon Norge vore situasjonar der dette har førekomme. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ein slik situasjon kan oppstå.

Pensjonsforpliktingar

I punkt 7.3.3 er det tatt inn bestemmelsar om dekking av pensjonsforpliktingane. Staten har ansvaret for Selskapets udekkte pensjonsforpliktingar (pensjonsgjeld) per 31.12.2009. Desse forpliktingane kjem fram av selskapet sitt årsregnskap for 2009 og omfattar både bokført pensjonsforplikting og ikkje-resultatført verknad av estimatavvik. Frå og med 1.1.2010 vil evt. pensjonsgjeld som selskapet pådreg seg, vere eigarane sitt felles ansvar. Det vert elles vist til at løpande avsetningar til pensjon inngår som ein del av driftskostnadene, der dekninga er regulert i 7.3.2.

Fylkeskommunen som aktiv eigar

For å styrke regional påverknad krev eigarskapet aktive fylkeskommunar. Blant anna er aktiv deltaking i samarbeidsforumet, på eigarmøta og i føretaksmøta viktig. Fleirtalskrava ved avgjerder både i eigarmøta og i føretaksmøta legg klare føringar for deltaking. For å ivareta fylkeskommunane sine felles interesser vil fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet og dei administrative/faglege kollegia verte ein viktig arena for diskusjon av utøving av eigarskapen og

kommunikasjonen i Samarbeidsforumet. Kommunenes Sentralforbund vil framleis tilby sine ressursar for å koordinere ovannemnde kollegiemøte.

Stortinget har føresett at fylkeskommunane skal gjevast muligheit til å utøve eit aktivt eigarskap. Utover deltaking i dei ulike fora knytt til selskapet, er også innverknad på val til styret av vesentlig betydning. Fylkeskommunane har gått inn for at styret skal bestå av 9 eigaroppnemnde styremedlemmer og 2 medarbeidervalde. Nærings- og handelsdepartementet meiner styret bør bestå av 7 eigarrepresentantar.

Det er semje om at kvar fylkeskommune nominerer 2 styrekandidatar (1 kvinne og 1 mann) til valkomiteen for hovudstyret. Fylkeskommunane meiner valkomiteen skal måtte innstille 4 av dei kandidatane fylkeskommunane nominerer. Eit aktivt eigarskap betyr også at dei valde styremedlemmene som skal representere fylkeskommunane, fins i den kandidatbasen som fylkeskommunane sjølv har nominert. Nærings- og handelsdepartementet (NHD) på si side vil at valkomiteen skal ha full fridom i sitt arbeid.

Dersom NHD i sitt endelege framlegg til eigar- og selskapsdokument framleis har denne meininga om ovennemnde punkt, er det lagt opp til politiske forhandlingar mellom eit utval av fylkesordførarar og politisk leiing i departementet.

Konsekvensar

Eigarskapet i Innovasjon Norge vil medføre at Sogn og Fjordane fylkeskommune må innbetale NOK 505.474 til staten ved NHD innan 31.12.2009. Dersom færre enn 19 fylkeskommunar deltek, vil dette beløpet auke. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å justere dette beløpet ut frå det faktiske tal fylkeskommunar som ynskjer å delta.

4. OPPNEMNING AV REGIONALE STYRE 1.1.2010 - 31.12.2009

Saksopplysingar

Fylkeskommunane skal komme med framlegg ved oppnemning av Innovasjon Noreg sine regionale styre. Dei noverande regionale styra er oppnemnde med ei funksjonstid fram til 31.12.2009.

Hovudstyret i Innovasjon Noreg vedtok i møtet 18. juni 2009 at val av Innovasjon Noreg sine regionale styre for perioden 1.1.2010 – 31.12.2011 vert utsett til etter 1.1.2010. Vala vil verte gjennomført i løpet av våren 2010. Tenestetida for dei regionale styremedlemmene valde for perioden fram til 31.12.09 vert forlenga inntil nye regionale styre er valde. Styremedlemmene vil få direkte orientering om forlenginga.

Endringane i lov om Innovasjon Noreg og vedtektene vil mellom anna gjelde prosessen knytt til oppnemning av dei regionale styra:

- Hovudstyret skal framleis oppnemne dei regionale styra, som skal ha maksimalt åtte medlemmer
- To representantar i det regionale styret skal velgast direkte av fylkeskommunen
- Dei øvrige representantane vert valde av hovudstyret basert på framlegg frå ein valkomité
- Dersom det regionale styret omfattar fleire fylkeskommunar, vert det vald ein representant frå kvar av fylkeskommunane, men slik at fylkeskommunane ikkje kan velje meir enn to styremedlemmer direkte

Val av dei regionale styra vil bli førebudd av ein valkomité for kvart av styra. Ein valkomité skal ha tre medlemmer, alle oppnemnde av hovudstyret. Kvar valkomité skal ha minst eitt medlem fremja frå ein fylkeskommune.

5. KONKLUSJON/TILRÅDING

Ut i frå dei føresetnader som vert lagde for eigarskapet i Innovasjon Noreg, vil fylkesrådmannen konkludere med at Sogn og Fjordane fylkeskommune tiltrer eigarskapet og den dokumentasjonen som ligg føre. Fylkesrådmannen går inn for at styret skal bestå av 9 representantar valde av eigarane, der 4 vert valde frå ein kandidatbase oppnemnde av fylkeskommunane. Eigarskapet gjev fylkeskommunane høve til å endre eigaravtale, vedtekter og retningslinjer med vidare gjennom et aktivt eigarskap.

Fordi dette er eit eigarskap der alle fylkeskommunane deltek, vert det viktig at vedtaka i alle fylkeskommunane vert likelydande.

Fylkesrådmannen legg til grunn at Fylkestinget gjev Fylkesutvalet fullmakt til å velje medlemmer til regionalt styre og valkomité i Innovasjon Noreg.